

MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN  
.....

J. 44/83

*Aek.no. 412.5  
Reker.*REKEFISKET I BARENTSHAVET.  
STENGING AV OMRÅDE MED STORE BIFANGSTER AV UNGFISK.

Med heimel i § 1 i Fiskeridepartementet sine føresegner om rekefisket i Barentshavet av 07. april 1983 har Fiskeridirektøren same dag fastsett følgjande føresegner:

## § 1

I tida frå 8. april 1983 kl 1200 og inntil vidare er det forbode å fiska etter reke med trål innafor eit område i Barentshavet mellom kysten og liner dregne mellom følgjande punkt:

1.	71°10'N	24°40'Ø
2.	72°00'N	20°30'Ø
3.	73°35'N	30°00'Ø
4.	73°35'N	33°15'Ø
5.	72°30'N	32°30'Ø
6.	71°45'N	35°00'Ø
7.	70°46'N	35°00'Ø
8.	70°40'N	32°04,6'Ø
9.	70°16,5'N	32°04,6'Ø

Deretter frå punkt 9 og langs etter midtlina til Grense Jakobselv.

## § 2

Utan hinder av forbodet i § 1 kan det likevel fiskast innanfor desse område:

A: Etter liner dregne mellom punkta

1.	71°20'N	27°20'Ø
2.	71°30'N	25°40'Ø
3.	71°50'N	25°40'Ø
4.	71°40'N	28°20'Ø
5.	71°13'N	30°50'Ø
6.	70°53'N	30°20'Ø

Frå punkt 6 følgjer avgrensinga fiskerigrensa til punkt 1.

B: I Varangerfjorden vest for midtlina til (Norfargrunnen)  
70°13'N - 31°40'Ø og derfrå etter ei rett line til Kibergneset.


## § 3

Fiskeridirektøren kan endra forbodsområda dersom tilhøva tilseier det.

## § 4

Desse føresegnene trer i kraft straks.

-----



Tusenbjørn

Storfjordbanken

HOPEN

SPITSBERGEN.

BANKEN

Centralbanken

BARENTSHAVET  
BARENTS SEA

TIDDE IVERSEN  
BK

TIDDE BK

Nordkappbanken

03

10

Nordkapp

Slettnes

Vardø

Skinnø

banken

15

13

10

2

3

4

5

6

7

7

8

7

9